

Månadsplan November 2024, Kleppelunden SFO

Base: 1-3

Epost: Dag.Tellef.Risdal@klepp.kommune.no eller
Torstein.Fjelde@klepp.kommune.no

				Fredag 1 Gym base 1 Bibliotek base 3 Uteleik base 2 VARM-MAT
Måndag 4 Inne og uteleik Knekkebrød /brød/Korn	Tysdag 5 Gym base 2 Bibliotek base 1 Uteleik base 3 Knekkebrød /brød/Korn	Onsdag 6 Inne og uteleik VARM-MAT	Torsdag 7 Koding base 3 Bibliotek base 2 Uteleik base 1 Knekkebrød /brød/Korn	Fredag 8 Gym base 1 Bibliotek base 3 Uteleik base 2 VARM-MAT
Måndag 11 Inne og uteleik Knekkebrød /brød/Korn	Tysdag 12 Gym base 2 Bibliotek base 1 Uteleik base 3 Knekkebrød /brød/Korn	Onsdag 13 Inne og uteleik VARM-MAT	Torsdag 14 Koding base 3 Bibliotek base 2 Uteleik base 1 Knekkebrød /brød/Korn	Fredag 15 SFO STENGT
Måndag 18 Inne og uteleik Knekkebrød /brød/Korn	Tysdag 19 JULEVERKSTED Knekkebrød /brød/Korn	Onsdag 20 Inne og uteleik VARM-MAT	Torsdag 21 JULEVERKSTED Knekkebrød /brød/Korn	Fredag 22 JULEVERKSTED VARM-MAT
Måndag 25 Inne og ute leik Knekkebrød /brød/Korn	Tysdag 26 JULEVERKSTED Knekkebrød /brød/Korn	Onsdag 27 Inne og uteleik VARM-MAT	Torsdag 28 JULEVERKSTED Knekkebrød /brød/Korn	Fredag 29 JULEVEKSTED VARM-MAT

Månadsplan November 2024, Kleppelunden SFO

Base: 1-3

Epost: Dag.Tellef.Risdal@klepp.kommune.no eller
Torstein.Fjelde@klepp.kommune.no

Hei.

Då var ein flotte og milde oktober over og november like rundt hjørnet. Oktober har gitt oss mange utruleg fine dagar der me har brukt mykje tid ute i ballbingane no som dei endeleg vart opna.

Ungane har ingen problem med i å vera ute, for å gjera ein ekstra spiss på dagen har me valt og finna fram "boomblasteren" som har vore ein arena der ungane har dansa og kost seg. Der dei til og med har fått vera sin eigen DJ med og velja musikk. Den store slageren er Blime songen for 2024 og "Koukou move" som har vorte spelt utruleg mykje.

I haustferien var me på fleire utfluktar som vart ein kjempesuksess. Me starta to dagar på Sfo der me hadde ulike aktivitetar. Onsdag tok basa 2 turen til Jærhagen og der dei fekk lov til å vera ein time på Skyline. Ungane storkoste seg og kan seiast at ingen ville gå heim når timen var over. Base 3 fekk lov og reisa i taxi og tok turen til Sandnes og vera ein dag på Vitenfabrikken som var til stor glede for både store og små. Base 1 fekk lov og avslutta veka med å ta turen til Bryne i taxi for å spela bowling.

Ut i frå det ein har opplevd blant ungane i løpet av denne veka så vil ein seia at dei har kost seg. Me kjem til å leggja ut nokre bilete på nettsida til SFO under Kleppelunden SFO, slik at de får sjå litt av det me gjorde denne veka.

No bikkar me november og då vil me i dei to siste vekene starta med juleverkstad tysdag, torsdag og fredag, der ungane får dela seg på tvers på 3 ulike aktivitetar desse dagane. Dette vil halda fram også i desember. Dei to første vekene vil vera til å laga litt pynt, slik at me kan pynta opp SFO til desember.

Barna kan vera med og laga til som me kan spreia litt rundt på SFO, og elles litt rundt på skulen. Når ein bikkar over til desember set me fokus på ting som dei kan laga til å ha med seg heim og kunne gi ei gåve til den dei måtte ønskja og gi det til.

Me på SFO set utruleg stor pris på tilbakemeldingar me får i frå dykk foreldre, og dessutan at de er flinke til å gi oss beskjedar om når barna deira skal heim, eller ikkje kjem i SFO.

NB! Vil også minna om at SFO er **stengt fredag 15 november**.

Månadsplan November 2024, Kleppelunden SFO

Base: 1-3

Epost: Dag.Tellef.Risdal@klepp.kommune.no eller
Torstein.Fjelde@klepp.kommune.no

Mvh.Torstein

Fagleiar SFO